



DEN NORSKE KYRKJA
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

MØTEPROTOKOLL HJELMELAND KYRKJELEGE FELLESRÅD
17.10.2024 kl. 15.30 - i møterom på kyrkjekontoret.

Til stades: Leif Ole Terøy, Olav Frantzen, Aud Grimstad, Liv Laugaland, Magnhild Meltveit Kleppa, Asbjørg K. Hetlesæter og Mette Ingvaldstad (sekretær)

Forfall: Sigrunn Hagen Arnesen og Margunn Helgøy

Møtande varamedlemmar Sigrid Sigmundstad og Ingjerd S. Nicolaysen

SAK 00/24 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner den utsendte innkallinga og sakliste.

SAK 00/24 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET 05.09.2024

Vedtak:

Fellesrådet godkjenner møteprotokoll

SAK 30/24 ORIENTERINGAR

Vedtak:

Orienteringar vert tekne til orientering.

SAK 31/24 OPPFØLGING AV GRAVMINNEPLAN

Magnhild Meltveit Kleppa informerer om arbeidet ho har gjort med oppfølging av plan for gravminne.

I det vidare arbeidet må kommunen delta og det må lagast budsjett. Det er mange detaljer som skal på plass før ein plan er klar.

Sandnes kommune sin gravplass leiar har gitt tilgong til å sjå deira plan.

Magnhild har tatt kontakt med Stavanger Universitet for å høyre om det kan være av interesse for dei å utføre arbeidet. Universitetet er veldig interessert i å delta. Dei kan starte opp hausten 2025.

I Vindafjord har dei og behov for gravminneplan, her er det mogleg å samarbeide.

Graver som er vernet er fellesrådet sitt ansvar for vedlikehald og kostnadar til festeavgift. Det er ei økonomisk forplikting å verne gravar.

Vedtak:

Fellesrådet er interessert i eit nærare samarbeid med UiS hausten 2025.

SAK 32/24 SØKNAD TIL HJELMELAND KOMMUNE – TILSKOT 2025

Vedtak:

Vedtak er i samsvar med tilråding:

1. Søknad om drifts- og investeringstilskot vert oversendt kommunen snarast
2. Det vert søkt om kr. 4 000 000,- i netto driftstilskot for 2025
3. Det vert søkt om kr. 1 000 000,- i netto investeringstilskot for 2025

SAK 33/24 ÅRLEG LØNSJUSTERING KYRKJEVERJE

Vedtak:

Ny årsløn for kyrkjevevje Mette Ingvaldstad er kr. 690 000,- ,med verknad frå 01. juni 2024. Dette er i samsvar med vedtak i Løns- og forhandlingsutvalet 21.08.2024.

SAK 34/24 REKNESKAP PR. 31.08.2024

Vedtak:

Driftsrekneskap fram til 31.08. vert teken til orientering.

SAK 35/24 YMSE

Kyrkjevevja skal på kurs i slutten av oktober om søknadsskriving til kyrkjebevaringsfondet og i slutten av november på kurs om rekneskap og årsavslutning.

Fellesrådsleiar skal på kurs og delta i kontaktmøte for fellesrådsleiare, to møter i året.

Kommunedirektøren har bestilt pynting av lys på kyrkjegardane i Årdal, Fister og Hjelmeland. Dei skal monterast og sette på lys til 01.11.

Kommunen kan ikkje bestemme over det som er inne på kyrkjegardane.

Vedtak:

Informasjon blir tatt til etterretning